## Kvinnheradløp nummer 33

02.10.2014



Vert det fleire uskedelingar med denne gongen? Her går Lars Haugland i mål,

**Sundag går Kvinnheradløp nummer 33 og nytt av året er det at løypa er 5,7 og ikkje 10 kilometer lang. Ho går ikkje opp Svartedalen til Skeie men i fint terreng undt Rosendal. Løpet høver for alle uansett form og alder og det er ingen problemer hvis ein satsar på barnevogn. Deltakarane får gratis drikke når dei kjem imål og alle er med i trekkinga av gåvekort.**

Rosendal Turnlag og Kvinnheringen er arrangørar og det er spenning rundt deltakinga i konkurranseklassa, Den har

vore noko sviktande og arrangøren håpar på betre oppslutnad denne gongen. Men alle gjennomførar den same løypa.

Det er no ein heilt ny premie for dei 3 beste på tid.- krus laga av keramikar Elisa Helland-Hansen.

Start og mål er som før på idrettsplassen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen